



Borgund Utvikling

Styremøte 3-2023

18.09.23

Deltagere:

Kjell Rune Humborstad

John Bøthun Liøen

Ronja Brattebø

Solgun Haugen

Ikkje til stade:

Torbjørn Kirkevold

Morten Ørbeck Mo

Øyvind Hauge Horge

Sak 1: Gjennomgang forrige møtereferat

Ferdig

Sak 2: Utnemning av årets eldsjel.

Styret utnemnte Knut Opdal til årets eldsjel i 2023. Premiering handla lokalt, og utdeling gjennomført i samband med puben si feiring av 25 år som viktig bygdeinstitusjon.

Sak 3: Oktober-førjulsbord.

Innspel om å få til eit førejulsbord/oktoberfest 28.oktober 2023. Må diskutera det med puben, samt sjekka om det er ledig dato for lån av kommunehuset den datoen. John og Ronja tek ansvaret for å dra dette i gang. Tek kontakt med pub og eventuelt andre.

Sak 4: Etablering av merch-sal frå næringsdrivande i Borgund.

Her må me finne ein fordelingsnøkkel med pub og butikk. John sjekkar dette opp til neste gong.

Sak 5: Profilering av merch.

Bruk av reklame og modellar knytt opp mot Vindhellavegen, stavkyrkja og andre flotte plassar med mål om å profilera klede med Borgund. Jo fleire som går uniformert med Borgund på seg, jo bedre er det.

Sak 6: Utbetaling av merch-pengar.

Må sjekka med Øyvind om pengane har komme. John fiksar det.

Sak 7: Trafikktryggleiksplan.

Felles folkemøte med FAU i samband med trafikktryggleiksplan 9.mai 2023 i kommunehuset. 5 stk møtte opp. Blei gjennomført nokre endringar av tidlegare innspel, med særskilt fokus på betra lys ved strekninga sentrum til Horgevegen. I tillegg vart det teke opp sikring av bru ved Øvre Kvamme,

80-sona mellom Lo og stavkyrkjesenteret, grushaugen ved snuplassen på Lo, samt kor 40-sona i sentrum skal starta og slutta. Sjå eige vedlegg "innspel til trafikktryggleiksplan".

Sak 8: Flytting av skule, kva rolle har BU, og kva har me liggande i kommuehus pr. dags dato?

27.september så vert det dugnad i regi FAU med rydding av gammalt skrap i kommunehuset. BU tek òg turen og ser kva som ligg der.

BU legg ut på borgund.info, samt fjesboki informasjon om dugnaden der ein oppmodar alle lag og organisasjonar om å henta ymse gjenstandar. Dersom ikkje vert det hivd/loppemarked.

Sak 9: Oversikt over aktivitetar, lag og foreningar i Borgund.

- Borgund Utvikling lagar liste. Denne er framleis under utvikling.
- Til informasjon for nytilflytta borgjinder. Done med QR-kode. Blir kobla opp til Borgund.info for å gje dei nytilflytta ei oppdatert liste over tilbod sånn at den fyrste tida vert best mogleg. Den blir hengt opp på strategiske plassar i Borgund!

Sak 10: Live-kveld/festival.

Etter mykje positive tilbakemeldingar i kjølvatnet av 25årsjubileumet på puben tek styret ein diskusjon om å sjå mogelegheita for å gjera tilsvarande til ei årleg hending. Ein musikkveld/1-dags-festival på puben vert vurdert.

Sak 11: Diverse informasjon.

- Me har blitt nemnt i ein av søknadane til Matias der me skal hjelpa til med å organisera dugnad i samband med oppussing av gamle Berge skule.

Saker på vent:

- Sentrumsprosjekt. Vert møte i arbeidsgruppa om ikkje lenge.
- Innkjøp av fastmontert lydutstyr på scenen i kommunehuset når skulen er ferdig oppussa. Skal søkje om midlar frå eksterne. Her snakkar me tidlegast 2024/2025.
- Treningsrom Borgund. Står på vent.

For styret
John Bøthun Liøen